Høgskolen i Østfold

# EKSAMEN

<table>
<tr><td>Emnekode:<br>LBNOR10412</td><td colspan="2">Emne:<br>Vaksenlitteratur og samansette tekstar (1-7)</td></tr>
<tr><td>Dato: 21.12.2015</td><td colspan="2">Eksamenstid: Fra 09:00 til 13:00</td></tr>
<tr><td colspan="2">Hjelpemidler:<br>Ordbok/ordliste, både bokmål og nynorsk samt Kunnskapsløftet generell del og læreplanen for norsk</td><td>Faglærer:<br>Leif Erik Vold</td></tr>
<tr><td colspan="3">Eksamensoppgaven:<br><br>Oppgavesettet består av tre sider. Kontroller at oppgaven er komplett før du begynner å besvare spørsmålene. Oppgavesettet består av tre deler: Del A, B og C.<br><br>Bruk en annen målform enn den du brukte i semesteroppgaven.<br><br>Eksamensoppgåva:<br><br>Oppgåvesettet består av tre sider. Kontroller at oppgåva er komplett før du begynner å svare på spørsmåla. Oppgåvesettet består av tre delar: Del A, B og C.<br><br>Bruk ei anna målform enn den du gjorde bruk av i semesteroppgåva.</td></tr>
<tr><td colspan="3">Sensurdato: 18.1.2016<br><br>Karakterene er tilgjengelige for studenter på Studentweb senest 2 virkedager etter oppgitt sensurfrist. Følg instruksjoner gitt på: www.hiof.no/studentweb</td></tr>
</table>

**Bokmål**

**Del A: Kortsvarsoppgaver; svar på <u>fem</u> av disse åtte oppgavene:**

1. Plasser følgende litterære personer i riktige verker: Ryssi-Jussi, Sancho Panza, Siss.
2. Nevn tre sentrale barnelitteraturforfattere fra 1900-tallet.
3. Nevn tittelen på tre andre skuespill av Ibsen enn *Peer Gynt.*
4. Hvilke litteraturhistoriske epoker blir gjerne 1800-tallet delt inn i?
5. Forklar begrepet 'modalitet'.
6. Forklar begrepet 'synsvinkel'.
7. Forklar begrepet 'affordans'.
8. Forklar forskjellen på begrepene 'forteller' og 'forfatter'.

**Del B: Oppgaver som krever litt mer forklaring; svar på <u>to</u> av disse tre oppgavene:**

1. Redegjør for begrepet 'modernisme'.
2. Forklar begrepet 'implisitt forteller' og belys det med eksempler fra Knut Hamsuns *Sult* (1890).
3. Hva mener vi når vi karakteriserer norskfaget som et 'dannelsesfag'?

**Del C: Oppgaver som krever et litt lengre resonnement; svar på <u>én</u> av disse to oppgavene:**

1. Gjør en sammenliknende analyse av de to bøkene *Känner du Pippi Långstrump?* (1947) og *Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen* (1953) med tanke på tematikk og personkarakteristikk. Drøft deretter hvilket syn på barn som ligger til grunn for de to bøkene, og hvorvidt bøkene kan appellere til barn i dag.
2. Den danske litteraturhistorikeren F. J. Billeskov Jansen (1907-2002) karakteriserte en gang Erasmus Montanus som "en tosk som alltid har rett" og Per Degn som "en tosk som alltid tar feil". Drøft denne karakteristikken.

**Nynorsk**

**Del A: Kortsvarsoppgåver; svar på <u>fem</u> av desse åtte oppgåvene:**

1. Plasser følgjande litterære personar i rette verk: Ryssi-Jussi, Sancho Panza, Siss.
2. Nemn tre sentrale barnelitteraturforfattarar frå 1900-talet.
3. Nemn tittelen på tre andre skodespel av Ibsen enn *Peer Gynt*.
4. Kva for litteraturhistoriske epokar vert gjerne 1800-talet delt inn i?
5. Forklar omgrepet 'modalitet'.
6. Forklar omgrepet 'synsvinkel'.
7. Forklar omgrepet 'affordans'.
8. Forklar skilnaden på omgrepa 'forteljar' og 'forfattar'.

**Del B: Oppgåver som krev litt meir forklaring; svar på <u>to</u> av desse tre oppgåvene:**

1. Gjer greie for omgrepet 'modernisme'.
2. Forklar omgrepet 'implisitt forteljar' og belys det med døme frå Knut Hamsuns *Sult* (1890).
3. Kva meiner vi når vi karakteriserer norskfaget som eit 'daningsfag'?

**Del C: Oppgåver som krev eit litt lengre resonnement; svar på <u>ei</u> av desse to oppgåvene:**

1. Gjer ein samanliknande analyse av dei to bøkene *Känner du Pippi Långstrump?* (1947) og *Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen* (1953) med tanke på tematikk og personkarakteristikk. Drøft deretter kva for syn på barn som ligg til grunn for dei to bøkene, og i kva grad bøkene kan appellere til barn i dag.
2. Den danske litteraturhistorikaren F. J. Billeskov Jansen (1907-2002) karakteriserte ein gong Erasmus Montanus som "ein tosk som alltid har rett" og Per Degn som "ein tosk som alltid tar feil". Drøft denne karakteristikken.